



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar: Lyder Leithaug  
Vår: 20/2438 - 20/40642

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
05.07.2020

## Dispensasjon, rammeløyve og delvis igangsetjingsløyve for oppføring av 2 lagerbygg - gbnr 185/262 Isdal

**Administrativt vedtak:** Saknr: 677/20  
**Tiltakshavar:** Vestland fylkeskommune  
**Ansvarleg søkjar:** Vestland fylkeskommune  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå arealføremålet veg og anna vegg grunn i Tunnelplanen fv 57 for oppføring av ope materiallager og plasthall på gbnr 185/262. Dispensasjonen gjeld i 5 år.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for riving av mindre lagerbygningar og oppføring av ope materiallager og plasthall på gbnr 185/262 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 29.05.2020, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
3. Løyvet gjeld i 5 år.

Før det vert gitt igangsetjingsløyve for oppføring av plasthall skal følgjande liggja føre:

1. Samtykke frå Arbeidstilsynet.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve igangsetjingsløyve for riving av fleire mindre lagerbygg og oppføring av ope materiallager.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

### **Tiltak**

Saka gjeld oppføring av nytt ope overbygd materiallager, riving av eksisterande mindre bygg som står der nytt materiallager skal etablerast, og nytt løyve for eksisterande plashall. Bygga er knytt til drifta av Knarvik vidaregåande skule.

Nytt materiallager er eit ope bygg med bakvegg, tak og søyler. Bygget har eit bygd areal oppgitt til ca 90 m<sup>2</sup>, bygga som skal rivast har eit bygd areal oppgitt til ca 62 m<sup>2</sup> og eksisterande plashall har eit bygd areal oppgitt til ca 200 m<sup>2</sup>. Det er søkt om mellombels plassering av bygga fram til 2025.

Det vart gitt løyve til oppføring av eksisterande plashall til bruk som lager/produksjonshall i vedtak datert 11.06.2010. Løyvet vart gitt for 5 år og har gått ut. Det må derfor søkjast om nytt løyve.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremål i gjeldande reguleringsplan.

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.01.2020, med supplerande dokumentasjon mottatt 29.05.2020.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.05.2020 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Tiltaket er omfatta av område som i reguleringsplanen for tunnel på Fv 57 (planID 1 263-201 201 ) er avsett til føremåla veg og anna veggrunn. Kommunedelplanen for Knarvik –Alversund med Alverstraumen supplerer reguleringsplanen der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet, jf. føresegn 4.5.

Tiltaket ligg innanfor raud støysone og bandleggingssona for framtidig trase for E39.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet veg og veggrunn. Det er søkt om dispensasjon med slik grunngjeving:

«Vestland Fylkeskommune søkjer om forlenga dispensasjon fra krav om avstand til vegmidte FV 57, for eksisterande hall, og dispensasjon for nytt mellombels materiallager. Fylkeskommunen driv i dag vidaregåande skule på staden som også er i strid med vedteken ny plan frå 2014. Vestland Fylkeskommune skal bygge nye skulebygg for byggfaga i Knarvik og det er tenkt å samle einingane i nærleiken oppe ved Juvikstølen. Behovet for bygga ser ut til å vere fram til 2025, slik det viser på vedlegg D - 1. Avstand er 20 meter frå senterlinje veg.

Vi har hatt ein plashall ståande vesentleg lenger enn løyve vart gjeve. Vi fekk eit mellombels løyve på fem år i 2010, då nybygg ved skulen var planlagt utført tidlegare. Vi beklager situasjonen, samtidig som vi erfarer at bygget ikkje har stått i vegen for realisering av vedteke planer for FV 57 i 2014. Vi må drive vidaregåande opplæring her fram til nytt bygg er på plass. Bygglinja ved skulen har hatt stor nytte av hallen, og vil gjerne ha den ståande der den er til skulen får samla einingane sine på planlagt tomt i nærleiken.

Materiallageret vi søker om er også etterlengta, og vil vere eit stort pluss for undervisninga. Situasjonen for lagring av materialer er ikkje den beste. Difor søker vi no om å få setje opp eit mellombels ope bygg på staden like ved plasthallen som er vist på D-1. Dette blir eit kjekt elevarbeid, samstundes som det er svært nyttig for byggklassene.

Når det gjeld kommunen si handsaming av saka ber vi om forenkla behandling. Det skulle ikkje vere naudsynt å sende denne søknaden til høyring hos Fylkeskommunen og Fylkesmannen. Grunnen er at begge bygga er klart i strid med er vedteken reguleringsplan, og spørsmålet er berre kor lenge kan bygga kan stå før dei må rivast. Dette kan det sikkert ikkje gjevast klart svar på, då vegprosjektet gjerne ikkje er tidfesta enno for oppstart.

Vi ber om at det vert utvist skjønn i saka, slik at lovpålagt vidaregåande opplæring kan halde fram på ein god måte på denne etablerte skulestaden, fram til at det vert ei klar interessekonflikt. Då vil dei to bygga verte raskt fjerna. Det tek berre ei veke å rive aktuelle bygg.»

### **Uttale frå anna styresmakt**

Søknaden har vore send på høyring til Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland.

Statens vegvesen har gitt uttale i skriv datert 21.04.2020. Dei skriv:

«Vestland fylkeskommune har frå 01.01.2020 overtatt ansvaret for forvaltning av fylkesvegnettet. I denne saka uttaler Statens vegvesen seg i rolla som forvaltar av riksveg.

Det er søkt om ein tidsavgrensa dispensasjon fram til 2025. Tiltaka som ligg inne i KDP E39 Flatøy-Eikefettunnelen vil komme til realisering etter 2025, og vi vil difor ikkje motsetje oss søknaden om dispensasjon på gnr. 185 bnr. 262.»

Vestland fylkeskommune har gitt uttale i skriv datert 22.04.2020. Dei skriv:

«Det er søkt om mellombels løyve fram til 2025. Det omsøkte tiltaket inneber ikkje vesentlege endringar i høve til dagens situasjon. Framføring av ny tunnel krev riving av bygga knytt til Knarvik vgs, jf. reguleringsplanen. Vi vurderer at det ikkje er konkrete planar om å realisere ny fv. 57 i perioden det er søkt om dispensasjon i frå. Vi har difor ikkje vesentlege merknader til tiltaket.

Tiltaket ligg innanfor «Raud støyson» langs veg. Alver kommune må vurdere om krav stillt i Støyforskrifta kjem til bruk i dette tilfellet, og at retningslinene i så fall er oppfylt.»

Arbeidstilsynet har gitt samtykke til oppføring av nytt ope lagerbygg i skriv datert 23.06.2020.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Vestland fylkeskommune eig også naboeigedomen. Statens vegvesen har fått saka til uttale. Kommunen finn ikkje grunn til ytterlegare varsling av tiltaket.


### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 29.05.2020.


På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vera 1,0 meter. Vestland fylkeskommune er sjølv eigar av naboeigedomen.

## Kart og teikningar


### Situasjonsplan



### Plankart



### Ortofoto



### Vatn og avløp (VA)

Bygg skal ikkje ha innlagt vatn

### Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg.

Tiltaket er del av drifta ved Knarvik vidaregåande skule og vil ikkje medføra endringar i forhold til tilkomst, avkøyrsløse eller parkering.

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.



### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg sækjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vera oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføra.

Kommunen finn med bakgrunn i uttalane frå Vestland fylkeskommune og Staten vegvesen å kunne gje dispensasjon for arealføremåla i gjeldande reguleringsplan for 2 lagerbygg slik det er søkt om for ein periode på 5 år. I følgje fylkeskommunen og Statens vegvesen vil tiltaket ikkje koma i konflikt med verken framføring av tunnel på fv.57 eller ny E 39. Det er ikkje konkrete planar om realisering av desse prosjekta innanfor tidsperioden på 5 år. Det vert vidare lagt vekt på at bygga er direkte knytt til drifta av Knarvik vidaregåande skule og at tiltaka er mellombels.

I vurderinga av føremøner og ulemper er det lagt vekt på at tiltaket har ein klar nytte i forhold til drifta av Knarvik Vidaregåande skule og at det ikkje vil koma i konflikt med arealføremålet i reguleringsplanen. Mellombels dispensasjon vert gitt slik det er søkt om.

### **Igangsetjing av tiltaket**

Det er søkt om løyve til å etablere tiltaket i eitt-trinn. Då det berre ligg føre godkjenning frå arbeidstilsynet for det opne materiallageret kan vi berre gje igangsetjingsløyve for riving av dei mindre bygga og oppføring av dette bygget. Igangsetjingsløyve for plashallen vert gitt når samtykke frå Arbeidstilsynet ligg føre for bygget.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Støy**

Omsøkte tiltak gjeld mellombels oppføring av ope materiallager og plashall som er knytt til eksisterande skuledrift på eigeidomen. Kommunen legg til grunn at gjeldande krav til støy er stetta gjennom projektering av tiltaket.

### Visuelle kvaliteter

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarlast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggt teknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/2438**

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart  
Fasader sørvest og nordvest  
Plan snitt og fasader  
E - 1 plan nytt lager  
E - 2 snitt  
E - 3 fasader nytt lager

**Kopi til:**

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
------------------------	---------------	------	--------

**Mottakarar:**

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
------------------------	---------------	------	--------